

Alver kommune  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

---

**Dato** 29.06.2022  
**Vår referanse** 2022/38684-12  
**Dykkar referanse** 22/425  
**Sakshandsamar** Berit Vik  
**E-post** Berit.Vik@vlfk.no  
**Telefon**

Att.Larissa Dahl

## **Vedk. vedtak til klagevurdering - dispensasjon - tilbygg til driftsbygg Seim - gnr. 171 bnr. 5 - Alver kommune**

Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har motteke vedtak i gjeldande sak. Vi ser at vilkåra vi sette i vårt fråsegn ikkje er med, jamfør vedlegg. Vi er usikre på om det er meint å vere slik, eller om det dreier seg om ei forgøyning frå saksbehandlar si side, altså ein saksbehandlingsfeil. Våre vilkår er ikkje vist til eller drøfta i vedtaket. Dette kan kanskje også skuldast at ein har hatt fokus på gitt dispensasjon for inngrep i automatisk freda kulturminne, jamfør kulturminnelova §8.1.

Vår konklusjon i fråsegn datert 07.04.2022, gjaldt omsynet til postvegen, med følgjande kulepunkt som vilkår i løyve :

- Del av postvegen som blei reetablert i samarbeid med Vestland fylkeskommune i 2021, må attsåast slik at vegetasjonsdekke blir reetablert på staden.
- Opninga i aust skal berre nyttast til utkøyring av talle eit avgrensa antal i året. Vi viser i denne samanheng til § 4.2.4, a) i kommuneplanen sin arealdel og § 6.2.3 Område SP5 i gjeldande reguleringsplan.
- Eksisterande forstasjon må flyttast ut av traseen, slik at ein unngår forrestar og samling av dyr, som gir auka press på postvegen

Grunna ferieavvikling hos kommunen og hos oss, ber vi om utsett frist for eventuell klage. Vi ber kommunen om å gje oss tilbakemelding på om vedtaket slik det no er formulert blir gjeldande. Eller om ein – med bakgrunn i forvaltingslova – kan oppheve vedtaket, og fatte nytt vedtak i saka med våre vilkår. Slik kan ein eventuelt unngå ein unødvendig klageprosess og utsett igangsetting av tiltaket.

Med helsing

**Karoline Hareide Breivik**  
leiar  
KII - Arealplan (Førde)

**Berit Vik og Sigrun Wølstad**  
seniorrådgjevarar  
KII - Arealplan (Førde)

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift*